



STIFTINGA LIVE ∞

Skuleprosjektet LIVE ÅTTE 2009-2010

1. Om stiftinga LIVE ÅTTE (Org.nr.: 991 243 372)

Innleiing

Live Styve Sæbø, som døydde på 8-årsdagen sin, 24. mars 2006, hadde ein hjerneskade som gav ho mange og store utfordringar. Dei tre siste åra av livet var ho knytt til The Institutes for the Achievement of Human Potential, populært kalla "Doman-instituttet" i Philadelphia, USA. Gjennom tett oppfølging og intensiv stimulering gjorde ho svært store framsteg, og nådde mål som mange trudde var uopnåelege for henne.

Verdiane og menneskesynet, energien og motet som låg til grunn for at foreldra til Live valde å ta i bruk metoden, er der framleis, saman med sorga og saknet over å ha mist eit barn.

Stiftinga LIVE ÅTTE er ikkje etablert for å dyrke sorga og saknet, men for å vidareføre engasjementet og bruke den opparbeidde kompetansen, slik at det også kjem andre til gode.

Visjon

Vi vil hjelpe menneske å tre fram

Mål

Med utgangspunkt i Live si historie vil stiftinga arbeide for at barn og unge med særskilte behov får sjansen til å nå potensialet sitt. Stiftinga vil gjennom informasjon og haldningsskapande arbeid inspirere enkeltmenneske og samfunn til å sjå verdien av kvart menneske og dei ressursane det representerer, og å gjere det som skal til for at kvart menneske skal kunne bli det det er.

Verdiar

- Menneskeleg
- Musisk*
- Modig

* Det kreative, det autentiske og det leikne. Heilhetstenking i høve til menneskelege ressursar og utvikling.

Basis

- Det humanistiske menneskesynet
- Ideen om det musiske menneske*
- FN sin konvensjon om barnet sine rettar

Strategi/ arbeidsmåtar

- 2 årlege arrangement; eit kulturarrangement, t.d. konsert eller teaterførestilling, og eit fagleg seminar/ møte med menneske som har ei historie å fortelje
- Tilbod om foredrag/ seminar ovanfor aktuelle faggrupper; pedagogisk personale, helsepersonell, faggrupper under utdanning, i tillegg til andre interesserte
- Heimesida www.liveatte.no
- Innspel i den offentlege debatten
- Ulike prosjekt, som t.d. utarbeiding av opplegg for skulen

Kva har vi gjort så langt

- Minnekonsert våren 2006
- Skulekonsertar (Gisle Børge Styve Trio) hausten 2007 – Ulstein ungdomsskule, Hareid ungdomsskule, Møre ungdomsskule og SUFH
- Fagleg seminar (Magne Domantrener Skåden) haust 2007
- Skulekonsert (Heine Totland og Gisle Børge Styve) hausten 2008 – SUFH (invitasjon gjekk også ut til ungdomsskulen og vidaregåande)
- Fagleg seminar i samarbeid med lokale ressurspersonar på Sandane, Sandane våren 2009

2. Basis for LIVE ÅTTE Skuleprosjekt 2009-2010

- LIVE ÅTTE-stiftinga sin visjon, mål, basis og verdiar (sjå over)
- Grunnskulen sitt mål, lover og føresegner/ forskrifter og opplæringsprinsipp

Aktuelle punkt frå Læreplanen og Grunnskulelova:

▪ Sosial og kulturell kompetanse

”Eit tydeleg verdigrunnlag og brei kulturforståing er grunnleggjande for eit inkluderande sosialt fellesskap og eit læringsfellesskap der mangfaldet blir sett høgt og respektert.”

”For å utvikle elevane sin kulturelle kompetanse til å delta i eit multikulturelt samfunn, skal opplæringa leggje til rette for at dei får kunnskap om ulike kulturar og erfaring med eit breitt spekter av kulturelle uttryksformer. Opplæringa skal fremme kulturforståing og medverke til å utvikle både sjølvinnsett og identitet, respekt og toleranse. Elevane skal møte kunst og kulturformer som uttrykkjer både individualitet og fellesskap, og som stimulerer kreativiteten og dei nyskapande evnene deira. Elevane skal også få høve til å bruke dei skapande evnene sine gjennom ulike aktivitetar og uttryksformer. Dette kan gi grunnlag for refleksjon, kjensler og spontanitet.”

(Oppl.l. § 1-2 og den generelle delen av læreplanverket)

▪ Tilpassa opplæring og likeverdige føresetnader

Tilpassa opplæring innanfor fellesskapet er eit grunnleggjande element i fellesskolen. Opplæringa skal leggjast til rette slik at elevane skal kunne gi noko til fellesskapet og også kunne oppleve gleda ved å meistre og å nå måla sine.

Alle elevar skal i arbeidet med faga få møte utfordringar som gir dei noko å strekkje seg mot, og som dei kan meistre på eiga hand eller saman med andre. Det gjeld også elevar med særlege vanskar eller særlege evner og talent på ulike område. Når elevar arbeider saman med vaksne og med kvarandre, kan mangfaldet av evner og talent vere med på å styrkje læringa og utviklinga både for fellesskapet og for den einskilde. I opplæringa skal det mangfaldet elevane har i bakgrunn, føresetnader, interesser og talent møtast med eit mangfald av utfordringar. Uavhengig av kjønn, alder og sosial,

geografisk, kulturell og språkleg bakgrunn skal alle elevar ha like gode høve til å utvikle seg gjennom arbeidet med faga i eit inkluderande læringsmiljø. Tilpassa opplæring for kvar einskild elev er kjenneteikna ved variasjon i bruk av lærestoff, arbeidsmåtar og læremiddel og variasjon i organisering av og intensitet i opplæringa.

(Oppl.l. § 1-2 og kap. 5, og den generelle delen av læreplanverket)

▪ **Samarbeid med lokalsamfunnet**

”Godt samspel mellom skolen og nærings- og arbeidsliv, kunst- og kulturliv og andre delar av lokalsamfunnet kan gjere opplæringa i faga meir konkret og røyndomsnær og gjennom det auke evna og lysta til å lære blant elevane. Lokalsamfunn er ulike, og kva som er lokalt for elevane, varierer med alder og utvikling og med endringar i samfunnet. Samarbeidet mellom skolen, kulturskolen, lokale lag, foreiningar og andre i lokalsamfunnet gir barn og unge høve til å utvikle evnene og talenta sine vidare gjennom aktiv deltaking i eit mangfald av sosiale og kulturelle aktivitetar.”

Lov om grunnskulen

▪ **§ 1. Føremål**

Innleiing

(...) ”Opplæringa må gi rom for skapingstrongen åt elevane, og samtidig vekkje deira glede ved det andre yter. Gjennom bilete og form, tone og ord må dei kveikjast til å utfalde fantasi og oppleve kunst.”

(...) ”Målet for opplæringa er å utvide evnene hos barn, unge og vaksne til erkjenning og oppleving, til innleving, utfalding og deltaking.”

▪ **Det meiningsseekjande menneske**

”Oppfostringa skal byggje på det syn at menneske er likeverdige og menneskeverdet ukrenkjeleg. Ho skal grunnfeste trua på at alle er unike: kvar og ein kan komme vidare i eigen vokster, og individuell eigenart gjer samfunnet rikt og mangfaldig.”

”Mange menneske er funksjonshemma i høve til sine omgivnader. Oppfostringa må formidle kunnskapar om og fremje likeverd og solidaritet med dei som har andre føresetnader enn fleirtalet. Og ho må skape skjønn for at vi alle kan rammast av sjukdom eller skade, nød eller nederlag, slag eller sorg, som kan gjere kven som helst avhengig av andres omsut.

Oppfostringa skal formidle kunnskapar om og fremje likeverd og solidaritet med dei som har andre føresetnader enn fleirtalet.”

▪ **Det skapande menneske**

(...) ”Oppfostringa skal gi elevane lyst på livet, mot til å gå laus på det og ønske om å bruke og utvikle vidare det dei lærer.

Opplæringa skal møte barn, unge og vaksne på deira eigne vilkår og samtidig føre dei inn i grenseland der dei kan lære nytt ved å opne sinn og prøve evner.”

▪ **Det allmenndanna menneske**

”God allmenndanning vil seie tileigning av (...) eigenskapar og verdiar som lettar samvirket mellom menneske og gjer det rikt og spennande for dei å leve saman”

▪ **Det integrerte menneske**

”å framelske særpreget hos den einsskilde, dei forskjellar som gjer kvart individ til eit fond for andre – og å formidle dei felles kunnskapar og dugleikar som gjer at vi kan fungere lett med andre og saman medverke til at samfunnet veks.”

”og gi kvar einsskild sjansen til å oppdage og utvikle dei kimar som ligg i egne givnader.”

”å skape respekt for andres innsats og audmykt for andres bragder – og tru nok på seg sjølv til å våge å mislukkast.”

”Sluttmålet for opplæringa er å eggje den einsskilde til å realisere seg sjølv på måtar som kjem fellesskapet til gode - å fostre til menneskelegdom for eit samfunn i utvikling.”

3. Organisasjon

- Overordna ansvar (Styret for Stiftinga LIVE ÅTTE): Økonomisk ansvar, ansvar Sjøborg og ansvar etterarbeid
 - Nora Wingsternes (leiar), Inger-Annie Molt Rise (kasserar), Øyvinn Sønnesyn (sekretær), Aase Styve og Jostein Sæbø (styremedlemer)
- Prosjektansvar prosjektkomité: Utarbeiding av prosjektet/ oppfølging
 - Aase Styve, Jostein Sæbø, Øyvinn Sønnesyn, Aud Janne Hatlebakk, Anita Nes Ertesvåg og Jorulf Myrene
- Musisk gruppe (ressurspersonar): Ansvar for rettleiing og handsaming av dei ulike bidraga
 - Under etablering

4. Gjennomføring

- Gjennom presentasjonar av prosjektet utfordrar stiftinga LIVE ÅTTE lærarane til å ta del i prosjektet og til å sjå kva muligheter dei ser tverrfagleg og på separate fag. Stiftinga LIVE ÅTTE presenterer prosjektet for elevar på dei aktuelle skulane. LIVE ÅTTE legg fram rammer/ retningslinjer for ulike typar musiske bidrag. Det vert fortløpande påmelding av bidrag med 1.mars 2010 som siste frist. Førebuing heilt fram til 11.mars 2010.

4.1 Tid

- Perioden oktober 2009 – mars 2010

4.2 Presentasjonsfase

- Presentasjon for rektorar (mai 2009)
 - Rektormøtet Ulstein kommune 12.mai 2009
- Presentasjon for lærarar (oktober 2009)
 - Teamtid (måndag/ torsdag)
 - Aktuelle faglærarar
 - Trinnteam for 6.-7. klassetrinn og 8.-9. Klassetrinn (Møre ungdomsskule også 10.kl.)
- Presentasjon for elevar (oktober 2009)
 - Inspirasjonssamling for aktuelle trinn på dei ulike skulane

- Skriftleg inspirasjons- og informasjonsmateriell
- Lokalsamfunnet
 - Oktober 2009 – mars 2010
 - Vikebladet Vestposten: artikkelserie frå førebuingsarbeidet, og førehandsomtale/ reportasje frå 23.oktober 2009

4.3 Jobbe-/ førebuingsperiode

- For elevar: 23.oktober 2009 – 11.mars 2010
- For musisk komité: 15.oktober 2009 – 12.mars 2010
Musisk komité/ ressursgruppe rettleier bidragsyterane innanfor sine fagfelt og ser på påmelde/ innleverte bidrag og gjev tilbakemelding til alle bidragsytarar om korleis deira bidrag er tenkt nytta - avhengig av talet på bidrag og presentasjonsform/ -rammer

4.4 Fredag 12.mars 2010

- Musisk varieté på Sjøborg
 - To skulevarietéar og ein open kveldsvarieté (billettsal)
 - Evt. tre ulike program avhengig av talet på bidrag

4.5 Bidrag

Tema: Menneskeleg, musisk og modig

- Aktuelle musiske uttrykk
 - Musikalske innslag: sjølvskrivne songar eller coverversjonar av songar
 - Film: kortfilm, dans eller animasjon
 - Skulptur
 - Bildande kunst: maleri, teikning, grafikk, foto, materialbilete
 - Skrivning: poesi eller prosa
 - Evt. andre uttrykk (etter avtale med musisk komité)
- Musisk Varieté
 - Presentasjon av bidraga og bidragsytarane i Sjøborg kulturhus 12.mars 2010
- Andre aktuelle presentasjonsformer
 - Nettbasert presentasjon
 - Julekort
 - Evt. bok og CD (konkluderast mars 2010)

4.6 Aktuelle fag

- Språkfag
- RLE
- Musikk
- Kunst og handverk
- Kroppsøving
- Tverrfagleg

4.7 Utfordring til læraren/ trinnsteam

- Trekka inn tema i dei ulike faga
- Dagleg kontakt til elevane
- Kontaktledd mellom elevane og stiftinga LIVE ÅTTE (musisk komité/ ressurspersonar)

4.8 Skular som er inviterte til å ta del (skuleåret 2009 - 2010)

- Ulstein 6.-7. trinn
- Ulsteinvik 6.-7. trinn
- Hasund 6.-7. trinn
- Haddal 6.-7. trinn
- Møre ungdomsskule 8.-10. trinn
- Ulstein ungdomsskule 8.-9. trinn
- 5. (evt. også 10.) trinn vert inviterte 25.september


4.9 Etterarbeid

- Opp til kvar skule å vidareføra prosjektet
- Stiftinga LIVE ÅTTE vil sikra vidare presentasjon

5. Økonomi

- Budsjettet for første fase (fram til 25.september) er på ca. 80.000 kroner
- Stiftinga LIVE ÅTTE har det økonomiske ansvaret
- Prosjektet skal ikkje koste skulane noko, med unntak av eventuelle materialkostnader og transport fredag 12.mars 2010
- Inntekter basert på sponsing, tilskot og billettsal (kveldsvarianté)
- Utgiftene omfattar lokaleige, honorar til husorkester, lyd og lys og TONO

Stiftinga LIVE ÅTTE held på retten til å bruka bidraga vederlagsfritt, men etter avtale med den som har opphavsrett.



www.liveatte.no